



Arkivnr: 2014/2-51

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		11.09.2014

**Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av nettbasert tilbod innan Spesialreinhald og steriforsyning**

**Samandrag**

Fusa fagskule er den einaste skulen i landet som så langt har fått godkjent fagskuletilbodet Spesialreinhald og steriforsyning (stadbasert). Dette er eit svært ettertraka tilbod nasjonalt, og Fusafagskule ønskjer difor løyve til å søkje godkjenning av NOKUT om eit nettbasert tilbod innan Spesialreinhald og steriforsyning i tillegg til det stadbaserete tilbodet skulen allereie har.

**Forslag til vedtak**

Fusa fagskule kan søkje NOKUT om godkjenning av eit nettbasert tilbod innan spesialreinhald og steriforsyning.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.08.2014**

Fusa fagskule har utarbeidd fagskuletilbodet Spesialreinhald og sterilforsyning i samarbeid med Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus. Dette er eit svært ettertrakta tilbod nasjonalt, og Fusa fagskule er så langt einaste skulen som har godkjenning for å gje dette tilbodet. Tilbodet er godkjent som eit stadbaserert tilbod med nettstøtte.

For å kunne imøtekome kompetansebehovet nasjonalt, og for å kunne rekruttere breiare, vil det vere føremålstenleg å søkje NOKUT om godkjenning av eit nettbaseret tilbod innan Spesialreinhald og sterilforsyning i tillegg til det stadbaserete tilbodet. Fusa fagskule vil soleis kunne gje tilbodet både lokalt som stadbaserert tilbod, og nasjonalt som nettbaseret tilbod med nokre få samlingar. Søknaden frå Fusa fagskule ligg som vedlegg til saka.